

# Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Kari Anne Iversen	HistSak - 12/1754	14/587

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
09/2014	Kommunestyret	PS	19.02.2014

## Overordna ROS-analyse

### Vedlegg:

Ros-analyse

### Saksopplysninger:

#### Bakgrunn

#### Arbeidsprosess

Kommunestyret vedtok i sak 059/12 at det skulle setjast i gong arbeid med overordna ROS-analyse. Kommunal kriseleiing fekk fullmakt til å godkjenne prosjektplan med tidslinje. Det vart vedtatt at ROS-analysen skulle omfatte desse 5 områda:

1. Klimaendringar og naturulukker
2. Epidemiar og helseberedskap
3. Fiskesjukdommar og oppdrett, dyresjukdommar og landbruk
4. Svikt i kritisk infrastruktur
5. Storulukker, masseskadar, atomulukker og radioaktiv stråling.

Kommunestyret vedtok så i sak 090/12 akseptkriterium til bruk i analysearbeidet. Gjennom utarbeidd prosjektplan vart det peikt ut 5 arbeidsgrupper m/leiar, ei gruppe for kvart område. Eit par av gruppene har hatt med fleire medarbeidarar i arbeidet, medan for nokre av gruppene har leiar i all hovudsak måtta ta arbeidet åleine.

Det vart hausten 2012 innleia eit samarbeid med Lindås kommune, via Lindås og Meland brannvern, og kommunen fekk såleis tilgang til eit utvida kompetansemiljø og eit breitt erfaringsgrunnlag, ettersom Lindås allereie hadde gjennomført sin analyse. Dette har vore til stor hjelp i arbeidet.

Det vart også oppretta ei koordineringsgruppe, der m.a. rådmannen sjølv har deltatt. På eitt av møta med gruppeleiarane har også repr. for beredskapsavdelinga hos Fylkesmannen deltatt.

Det vart orientert om status i arbeidet i KKL (kommunal kriseleiing) 05.06.13.

## Metode og dokumenttilfang i saka

ROS-analyse vert utført etter ein gitt metode, m.a. gjennom rettleiing frå Norsk Standard. Etter mal frå Lindås kommune er det gjennomført analyse for ei rekkje identifiserte tema og uønska hendingar under kvart hovudområde. Denne delen av arbeidet er definert som *bilag*,

Denne dokumentasjonsdelen har så danna eit grunnlag for *tekstdelen*, som ligg som vedlegg til saka. Bilagsdelen er svært omfangsrik, og det kan vere vanskeleg å få oversikt over stoffet i denne. Administrasjonen har difor vald å ikkje sende ut bilagsdelen, men har lagt til grunn at den vedlagte tekstdelen, der malen er utarbeidd lokalt, vil gi kommunestyret god oversikt over problemområde og utfordringar. Det har vore sterkt vektlagt å få fram eit sluttprodukt som er nyttig, forståeleg og meiningsskapande for alle involverte, både politikarar og administrasjon.

Med bakgrunn i at analysearbeidet tok utgangspunkt i Lindås kommune sin mal, er det gjort nokre mindre justeringar i konsekvensvurderingane K3, K4 og K5 under Liv og helse, samt i oppsettet for sannsyn under kap. 1 – Klimaendringar og naturlukker. Dette har ikkje hatt påverknad på konklusjonar eller ført til endra plassering i fargesone, men kommunestyret bør for ordens skuld gjere vedtak om desse endringane, slik at det kan visast til politisk godkjenning for alle akseptkriteria.

Det er elles gjort meir utfyllande greie for ROS-metodikken i kap. 0 – Innleiingskapitlet i tekstdelen.

For fleire av dei 5 hovudområda er samanhengen med omliggjande geografiske område/kommunar/region/fylke svært tydeleg. Ansvarleg for kapittel 1 Klimaendringar og naturulukker har difor utarbeidd eit samleskjema som syner samheng mellom dei ulike forvaltningsnivåa. Dette er lagt som vedlegg til tekstdelen, kap. 1. I første omgang kan det vere aktuelt å nytte dette for arealbruk, men tankegangen er svært nyttig, og kan eventuelt leggast til grunn for andre område ved neste generasjon ROS-analyse.

Utarbeiding av overordna ROS-analyse markerer starten på eit vidare arbeid med beredskap. Den overordna analysen kan m.a. gi grunnlag for utarbeiding av ROS-analyse ved kommuneplanarbeid og reguleringsplanarbeid, og også gi grunnlag for meir detaljerte analysar. t.d. innan kommunal drift.

ROS-analysen gir vidare grunnlag for tiltaks- og handlingsplanar. For mange område er det allereie utarbeidd slike (t.d. for straumbrot og svikt i kritisk infrastruktur eller ulike tiltak i smittevernplanen), men det kan vere grunnlag for å jobbe vidare også med dei planane som finst p.t. I kommunal kriseleiing (KKL) vil det bli drøfta eit nærare samarbeid med Lindås kommune på dette området.

Administrasjonen meiner at den overordna ROS-analysen, slik denne kjem fram i tekstdelen, er eit godt gjennomarbeidd dokument. Det er samstundes grunn til å halde fram at det absolutt kan vere grunnlag for å gjere analysen enno betre og meir treffsikker ved neste revisjon.

For dei ulike funna i ROS-analysen vert det vist til tekstdelen.

**Rådmannen - framlegg til vedtak:**

- "1. Kommunestyret godkjenner justerte akseptkriterium for K3, K4 og K5 under matrisa Liv og helse, slike desse no ligg føre i tekstdelen, samt oppsettet for sannsyn i kap. 1 – Klimaendringar og naturlukker.
2. Kommunestyret godkjenner overordna ROS-analyse for Meland kommune, slik denne ligg føre i tekstdelen."

**18.12.2013 FORMANNSKAPET**

Personal og organisasjonssjef Kari Anne Iversen orienterte.

**Framlegg i møte til tilleggspunkt under 1.1.9 Vind:**

"Førebygging av trefall/rotvelt langs veg. Kommunen må påverke grunneigarar til å ta ansvar for dette i utsette område."

**Avrøysting:**

**Administrasjonen sitt framlegg til vedtak med tilleggsframlegg vart samrøystes vedteke.**

**FS-124/13 – Samrøystes framlegg til vedtak:**

- "1. Kommunestyret godkjenner justerte akseptkriterium for K3, K4 og K5 under matrisa Liv og helse, slike desse no ligg føre i tekstdelen, samt oppsettet for sannsyn i kap. 1 – Klimaendringar og naturlukker.
2. Kommunestyret godkjenner overordna ROS-analyse for Meland kommune, slik denne ligg føre i tekstdelen."

**Kommunestyret - 09/2014****KS - behandling:**

Det vart stilt spørsmål om ordlyd/tekst i hefte Overordna ROS-analyse. Administrasjonen vil rette opp i skrivefeil.

**KS – samrøystes vedtak:**

- "1. Kommunestyret godkjenner justerte akseptkriterium for K3, K4 og K5 under matrisa Liv og helse, slike desse no ligg føre i tekstdelen, samt oppsettet for sannsyn i kap. 1 – Klimaendringar og naturlukker.
2. Kommunestyret godkjenner overordna ROS-analyse for Meland kommune, slik denne ligg føre i tekstdelen."